

Til: Planavdelinga i kommunane Ørsta og Volda
Frå: Marco Böhm
Dato: 2023-05-12


► Detaljreguleringsplan for Dinglavatnet - Mål og rammar for reguleringsplan

Om planarbeidet

a) Planen si føremål

Området ynskast regulert til drikkevassskjelde med tilhøyrande nedbørsfelt.

b) Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet



Figur 1 - Førebels planavgrensing

Heile Dinglavatnet med tilhøyrande nedbørsfelt (inkl. Grøndalen) og rørtrase fram til vassverket skal ligge innanfor planen si avgrensing. Samstundes skal ventilhuset og kommunens vakthytte være med. Det takast også med areal for potensielt steinbrot sørvest for hovuddemninga og ved tidlegare massetak. Tilkomstvegen skal ikkje innlemmast.

c) Planlagde bygninger, anlegg og andre tiltak


Planen skal i hovedsak regulere eksisterende situasjon for å sikre drikkevasskjelda for framtida. Nye tiltak vil være utbetring/ rehabilitering av eksisterende demningar i tråd med gjeldande regelverk og lovar. Det er behov for stein for rehabiliteringa og midlertidig anleggsveg. Massane er planlagt tatt ut lokalt frå et område vest for hovuddemninga. Behovet for steinblokkar avheng av omfanget av rehabiliteringa, som ikkje er fastsett og det tekniske konseptet er framleis under utgreiing. Storleiken på steinbrotet vil bli vurdert nærare i planprosessen, etter at naudsynt mengda med stein er kjent og området er vurdert nærare. Det vil vere behov for uttak av stein på over 10.000 m³.

I tillegg til stein er det behov for morene, om lag 400 m³. Det er foreslått å frakte inn morenen for å unngå morenetak med anleggsveg for ei relativt liten mengde.

Brotet og andre midlertidige tiltak skal få et naturleg utsjåande ved avslutning og dekkast igjen med matjord og vegetasjon frå staden som det vil takast vare på i anleggsperioden.

Det er foreløpig ikkje planar om å endre vaktbua, men det vil vurderast nærmare i planarbeidet. Det skal etablerast eit tappearrangement ved hovuddemning. Utforming er ikkje enda sett, dette er del av teknisk konsept for rehabilitering av demning for å ivareta krav i «damsikkerhetsforskriften».

Eksisterende vegtrase brukast vidare for tilkomst. Det må gjerast utbetringar av tilkomstvegen ved eksisterende møteplassar, samt nokre stikkrenner og grøfter. I tillegg vil det vurderast behov for å auke breidda på vegen enkelte stadar, samt utbetre første slynge etter bom ved Raudemyrvegen. Fleire av desse vil være utanfor planområdet.



Figur 2 omtrentleg lokalisering av tiltaka og hovudomsyn

d) Utbyggingsvolum og byggehøgder

Eksisterande demningar skal rehabiliterast/ utvidast, dvs. blir noko høgare og breiare i medhald til gjeldande krav.

e) Funksjonell og miljømessig kvalitet

Normal standard og reglane etter damsikkerheitsforskrifta og drikkevassforskrifta leggjast til grunn.

f) Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

Nivået på vatn skal ikkje hevast, slik at synlege endringar vil avgrensast på utforminga av dammane. Det er planar å ha et steinbrot/massetak innanfor planområdet dersom volum og kvalitet på stein er tilstrekkeleg. Dette vil avklarast parallelt med reguleringa.


Den største påverknaden vil vera i anleggsperioden. Under bygging vil det vera anleggsmaskiner og anleggsområde ved begge demningane. Det er førebels planlagt å hente steinmassane lokalt for å redusere massetransporten både med tanke på økonomi og miljø. Dette må vurderast nærare med tanke på kvalitet og kvantitet på berglokaliteten. Det planleggast med avdekking av berg i enkelte parti for vurdering av ingeniørgeolog, med intensjon om steinbrot i området ved Dinglavatnet. Ved å hente ut steinmassar lokalt vil ein redusere transportbehovet gjennom Volda sentrum, bustadfelt og Prestesetrevegen betydeleg. I tillegg vil det berre vere mindre behov for tiltak på Prestesetrevegen. Plasseringa av steinbrotet vil også vurderast opp mot omgjevnadane, terrenginngrepa og moglegheit for tilbakeføring, dvs. korleis landskapet ville sjå ut etter inngrepane.

Det vil vere lokal anleggstrafikk og byggeaktivitet i ei periode kring Dinglavatnet og det er behov for å etablere anleggsvegar frå steinbrotet fram til demningane. Anleggsvegane er planlagt fjerna/ tilbakeført etter byggeperioden. Reguleringsplanen vil i tillegg omtale kvar og på kva måte anleggsvegar skal etablerast.

g) Forholdet til kommuneplan, evt. gjeldande reguleringsplanar og rettleiar, og pågåande planarbeid

Området er ikkje regulert frå før.


Volda kommune:



Figur 3 Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan for tidlegare Volda kommune


I gjeldande kommuneplanens arealdel for Volda kommune (2016005), vedtatt mars 2022 er området sett av til både LNF (landbruk-, natur- og friluftsføremål) og naturområde i vassdrag. Videre er det lagt inn fleire omsynssonar som bl.a. bandleggingssone etter vassressursloven, drikkevassskjelde, omsynssone for friluftsliv m.m.

I planområdet innlemmast også rørtraséar som koplar drikkevassskjelda til Volda vassverk. Reguleringsplanen kan difor ha noko overlapp med forslaget til reguleringsplan for Volda vassverk, som er under utarbeiding. Der det er overlapp, vil den nye planen erstatte reguleringsplanen for Volda vassverk. Skulle rørtrasé frå aust vere tilstrekkeleg sikra i reguleringsplanen for Volda vassverk, vil reguleringsplanen avsluttast ved reguleringsplangrensa. Dette må vurderast nærare i planprosessen.



Figur 4 Forslag til reguleringsplan for Volda vassverk (under utarbeiding). Raud sirkel visar mogleg overlapp.

Ørsta kommune:



Figur 5 utsnitt frå gjeldande kommunedelplan for Ørsta kommune

I gjeldande kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda (2012007), vedtatt juni 2015 er heile område sett av til LNF- formål inkl. areala for Dinglavatnet.

Det er ikkje registrert pågåande planarbeid i området.

h) Vesentlege interesser som påverkast av planinitiativet


Hovudinteresser er knytt til drikkevatt og friluftsliv. Reguleringsplanen ta høgde for å sikre desse. Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller naturverdiar i området. Naturmangfald vil vurderast etter nml § 8-12.

Det er ein ambisjon å samarbeide med friluftsföreininga meir aktiv, til dømes ved å halde fleire møter der plassering av midlertidige anleggsvegar, ivaretaking på eksisterande natur, opplevingsverdiar og behov for tilgjengelege og framkomelege turstiar blir drøfta på grunnlag av løysingar som vert vist og fastsett i planforslaget. Særleg plassering, drift og tilbakeføring av steinbrotet, samt aktivitet på demningane og anleggstrafikken kan by på utfordringar med omsyn til friluftsiinteresser. Plasseringa av steinbrotet vil vert avklart meir konkret i utarbeidingsfasen og gjennom geologiske utgreiingar som gjeld steinkvaliteten og tilgjengeleg mengde, noko som per no er utilstrekkeleg kjent.

Det planleggjast opne møter i høyringsperiodane.

i) Korleis samfunnssikkerheit skal varetakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit

Det visast til sjekklister for ROS-analyse nedanfor. Det er fleire registrerte risiko- og sårbarheitsmoment frå naturlege opphav. Området er utsett for ras- og flaumfare i sær i samband med auka nedbør. Elles kan tiltaket medføre fare ved uynskte hendingar (dambrot, overfløyming av nedanfor liggjande områda, forureina drikkevasskjelde, bortfall av drikkevassforsyning).



Figur 6 Kart som viser beredskapsjekk på GISLink.no

j) Kva offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart

Følgjande offentlege myndigheiter og partar vil varslast:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen – region midt, Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE region vest), Mattilsynet, Direktoratet for mineralforvaltning, Avinor

Landbrukskontoret for Ørsta og Volda, Mørenett AS, Ørsta kommune, Volda kommune

Friluftsföreininga Volda, Naturvernforbundet Ørsta/Volda, Skogeigarlaget Ørst/Volda, Øvre Smalebakken velföreining, Volda sentrum grendalag, Ørsta IL Trimgruppa, Ørsta Røde Kors Hjelpekorps, Osberget Grendelag, Rystefeltet/Osmarka grendelag, Ørsta Bondelag, Ørsta/Volda bonde og småbrukarlag, Ørsta/Volda skogeigarlag

Grunneigar og naboar

k) Prosessar for samarbeid og medverknad frå fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre berørte.

Ved sidan av dei vanlege varslings- og underrettingsrutinane i tråd med krava i plan- og bygningslova, vil det haldast opne folkemøte for orientering om planen og registrering av innspel. Konstruktive forslag frå møtearenaen vil bli tatt med vidare i reguleringsplanen. I tillegg vil planens løysningar knytt til tiltaket sine verknader på friluftsiinteressene bli drøfta med aktuelle friluftsföreiningar.

l) Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing og korleis krava i tilfelle vil kunne bli teke vare på:

Tiltak har delvis heimel i overordna plan og skal stadfeste eksisterande situasjon. Utforminga av dammane skjer på prosjekteringsnivå og brukast som underlag til plankartet.

For vurdering om et tiltak utløyser krav om KU brukast vedlegg I og II i forskrifta og §§ 8, 10 og 21

Aktuelle forhold i høve til vedlegg I:

Pkt. 11) Anlegg for grunnvatn der den mengd vann som tas ut eller infiltrerast utgjør minst 10 mill. m³ pr. år.

→ Eksisterande anlegg. Mindre enn 10 mill. m³.

Pkt. 12 a) Anlegg for transport av vatn mellom nedbørfelt [...] der mengd vatn som transporterast overgår 100 mill. m³ pr. år.

→ Eksisterande anlegg. Mindre enn 100 mill. m³.

Pkt. 15 a) Dammar og andre anlegg for oppdemming eller varig lagring av vatn dersom mengd oppdemma eller lagra vatn overgår 10 mill. m³.

→ Eksisterande anlegg. Mindre enn 10 mill. m³.

Pkt. 19) Uttak av [...] stein, grus, sand, leire eller andre massar dersom minst 200 daa samla overflate eller samla uttak omfattar meir enn 2 mill. m³ masse [...]

→ Mykje mindre.

Pkt. 30) Utvidingar eller endringar av tiltak nemnt i vedlegg I der utvidinga og endringa i seg sjølv overgår storleiken i vedlegget.

→ Rehabilitering av eksisterande anlegg. Ingen auking i storleiken av vatnet

Aktuelle forhold i høve til vedlegg II:

Pkt. 10 g) Demmingar og anlegg for oppdemming eller varig lagring av vatn

Pkt. 10 j) Vassleidningsanlegg over større avstandar

Pkt. 10 l) Anlegg for uttak eller kunstig infiltrasjon for gjenoppbygging av grunnvatn

Pkt. 10 m) Anlegg for transport av vassressurser mellom nedbørfelt

- Eksisterande anlegg, som allereie er i drift. Ingen utviding

Aktuelle forhold i høve til § 10:

b. bruken av naturressursar, i sær areala, jord, mineralressursar, vann og biologiske ressursar

- Kunstig, menneskeskapt vassmagasin, eksisterande anlegg.

Etter vår vurdering vil reguleringsplan ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing.